



### 1. Opning av møtet

Martha ynskte møtelyden velkommen.

### 2. Konstituering

Sekretæren hadde namneoppdrag utifrå ajourført medlemsliste. 19 av medlemmene var til stades. Det var kommentert at Anne-Britt Kjørvik burde vere med på lista, men ho var ikkje registrert som medlem pr 31.12.18

Bjørn Inge vart vald til møteleiar og Jorunn Kvernevik vart vald til sekretær.

Hanne Lyngstad og Britt Rønneklev Mølmann vart valde til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiarar.

Innkalling og sakliste vart godkjende utan kommentarar.

### 3. Årsmelding 2018

Den framlagde Årsmeldinga vart samrøystes vedteken med nokre mindre merknader. Desse vert retta i den endelege årsmeldinga.

- Det vert bede om at det vert skrive inn eit tillegg under styret sitt arbeid ang slagverksituasjonen. Medlemmene spør kva styret har gjort med dette. Styreleiar gjorde greie for eit tungt og kontinuerleg arbeid for å få tak i slagverk til dei ulike speleoppdraga. Det blir bede om at styret allereie no arbeider fram ein avtale med aktuelle partar for neste år.
- Rettingar: Linda har vore med i valnemnda, ikkje Vigdis, s 5. Mimimusikkstemne oppe på s 6 rettast. Reidun, med ein n på s 9.

### 4. Rekneskap 2018 med revisjonsmelding

Rekneskapen vart kommentert av kasseraren Heidi. Rekneskapen vart godkjend av møtelyden.

- Kommentarar ang stor innsats og inntektsauke med dukkelotteri til påskebasaren. Styret har sett i gong produksjon av nytt dukkelotteri for komande år.
- Instruksjon kan førast sjølv om det ikkje er gått ut av konto pr. 31. des.
- «Adelekoncert/Vårsøg» endrast til «Vårkonsert» både i rekneskap og budsjett.

Rekneskapen var revidert av Didrik og Olav R.

### 5. Årsmøtesaker

Ingen saker var meldt inn til årsmøtet

### 6. Arbeidsplan 2019 Vart lagt fram av møteleiar.

- Øvingshelg 9. og 10. mars i kombinasjon med skulekorpsbasar for å «spare» ei helg for medlemmene. Uheldig ar ein må avlyse/flytte øvingshelgar.
- Ynskjer aktivitetsplan så tidleg som råd.
- Oppmoding om å vere med å tene gode pengar på NCT
- Deltaking på Nordvesten. Medlemmene uttrykkjer at den bør vere med som eit mål for hausten. Ta vekk spørsmålsteikn! Dato eller stad er ikkje bestemt/sendt ut informasjon om enno.
- Skotårgalla Laurdag 29. februar. Leiar informerte om stoda så langt.
- Det vert fremja ynskje om eit medlemsmøte i mai-juni med informasjon og meiningsutveksling om komande sesong.
- Faste oppdrag med julekonsertar og skulekorpsbasar/-ar bør og setjast inn på planen for hausten.

### 7. Kontingent

Styret føreslår at kontingensten vert ståande uendra og er. 1000,- for vaksne og 500,- for skuleelevar.

Samrøystes vedteke.



### 8. Budsjett 2018

Heidi kommenterte budsjettet for 2019 med inntekter og utgifter.

Kommentarar:

- Endre namn på posten «Adelekonsern/Vårsøg» til «Vårkonsern»
- Hovudlotteri i november: Kan vi auke loddmengda eller prisen på loddet for å auke inntektene med dette? Kan vi kutte lodd-trykkinga og bruke bøker i staden? Det nye styret må ta med desse signala vidare.
- Tippekort til GJ?
- Kostnader til notar på Spesielle prosjekt eller Notar, Avhengig av korleis vi bruker notane, på berre eit eller fleire prosjekt.
- Ang leige av tenester. Det nye styret må snarast setje seg ned å gjere avtalar for leige av musikarar vi manglar for neste sesong. Det vart diskutert om denne posten både burde aukast og minkast, men ein enda med at den vart ståande som føreslege i budsjettet.

Budsjettet vart samråystes vedteke.

### 9. Val

Valnemnda si innstilling til styre nytt styre vart samråystes vedteke.

Valnemnda si innstilling til revisorar, samråystes vedteke.

Styret si innstilling til valnemnd vart samråystes vedteke.

Val av to representantar til deltaking på regiontinget til NMF i Ålesund siste helga i april:  
Styret får fullmakt av årsmøtet til å peike ut representantar til NMF sitt regionting.

### 10. Avslutning

Leiar takka av dei som slutta i styret og ynskte dei nye velkomne. Det vart og sett fram takk til Dirigenten for arbeidet han legg ned, og medlemmene for frammøte og deltaking på møtet.

Møtet vart heva 21:58.

Sandane 14.02.2019

GLOPPEN JANITSJAR

Jorunn E. V. Kvernevik  
-sekretær-

---

Bjørn Inge Solheim  
-sign.-

---

Hanne Lyngstad  
-sign.-

---

Britt Rønneklev Mølmann  
-sign.-